

## LOP

### Referat frå dagsturen til Sør-Fron torsdag den 8. juni 2023

I strålende sommarver dro 45 entusiastiske LOP-medlemmer den 8. juni til Sør-Fron for å læra meir om bygda. Første stopp var Sør-Fron kyrkje, kalla Gudbrandsdalsdomen. Der vart vi teke imot av Rasmus Stauri, som fortalde om korleis kyrkja vart til og om stilartane klassisisme og barokk som pregar kyrkja. Organisten, Sergey Shulga, ga oss gode musikkopplevingar på orgel, og til slutt på det nye, imponerande klokkespelet ute.



Sør-Fron kyrkje, 1786



Stauri foran alteret og den sjeldent vakre preikestolen



Etter kyrkjebesøket var det god tid før vi skulle sjå nærare på den historiske garden/gardshotellet **Sygd Grytting**. Mange valde å sjå på skulpturane til Mette Dæhlin mens dei venta på lunsj og omvisning på garden, medan andre tok ein kaffe ute på Dale-Gudbrands gard.

På Grytting vart vi ynskt velkomne til gards av tidlegare eigar, Stig S Grytting, og av den nettopp nye eigaren, sonen Halvor. Så var det lunsj i dei særprega stuene. Maten var smakfull sø og rabarbrakake med kaffe, og praten gjekk lett rundt langbord og mindre, runde bord. Etter maten fekk vi meir informasjon om garden, før far og son tok oss med på omvisning i middelalderhuset, i det nest eldste huset og i den flotte kjellaren med bl.a. bakstrom og vinkjellar.





FLOKK av Gitte Dæhlin

Dei som ikkje allereie hadde sett dei spennande bronseskulpturane til Mette Dæhlin, rusla ned stien, under den gamle E6en og ut på eit jorde, der dei tynne, høgreiste og irrgrønne skulpturane kneiste blant beitande sauer.

Takk til turkomitéen for nok eit interessant og triveleg opplegg!

Liv Storbækken  
sekretær